

Informasjon sendt til heimane 30.11.2021

Vi forstår på tilbakemeldingar vi får frå heimar at det går rykte om mykje koronasmitte ved Kviteseid skule. Kommunen og skulen har vore heldige til nå og hatt svært lite smitte, og når vi får smitten så tett innpå oss vert mange bekymra. Kommuneoverlegen ynskjer å informere føresette og elevar om at det så vidt henne bekjent ikkje er noko pågåande stort og ukontrollert smitteutbrot i Kviteseid kommune. Skulen har nokre få smitta elevar og me har foreløpig smittespreiinga under kontroll. Dette er fordi dei som er smitta i kommunen er flinke til å halde seg heime, fylgje nasjonale og kommunale retningsliner og er flinke til å teste seg ved symptom. Dersom skulen kjem i ein situasjon der smitten ikkje er under kontroll, vil ein vurdere massetesting av klassar. Dette har vist seg å være eit svært godt verktøy å bruke for å få kontroll dersom det vert mange smitta der ein ikkje kan fylgje smitteveg. Det kan også vere aktuelt dersom det blir mange elevar på eit trinn. Dette vert vurdert fortløpande og heimane vil få beskjed.

Vi vil framover starte med å informere om smitte i einskildklasser når vi har fått stadfesta dette av helse. Dette for å møte behovet til heimane om informasjon. Smitte i ei klasse betyr ikkje at det automatisk vil bli gjennomført massetesting på trinnet, men at ein heimane kan vere ekstra obs på symptom dei neste 10 dagane.

Den viktigaste budskapet til alle heimar er å fortsetje å teste seg ved symptom og halde seg heime ved sjukdom. Gjer alle det, vil ein unngå store smitteutbrot.

Det har kome ein del spørsmål kring planlagde arrangement. Skulen har fått beskjed frå kommuneloveregen om at planlagde arrangement som joletrefest, tradisjonsmatdag og skulegudsteneste kan gå som normalt.

Med helsing

Sigrun Kvamme

Rektor